

Gulbrand Alhaug og Minna Saarelma

***Eeva Törmänen* eller *Eva Dørmænen*? Møte mellom finsk og norsk namnesystem i Noreg**

Innleiing

I prosjektet "Møte mellom finsk og norsk namnesystem i Noreg" analyserer vi kva som skjer når det finske namnesystemet kjem i kontakt med det norske. Har dei finske innvandrarane i Noreg haldi på dei finske etternamna sine, eller har dei endra til norske etternamn? Har dei finske familiane i Noreg gitt barna sine typiske finske eller norske fornamn – eller har dei i den nye kulturelle situasjonen gjort eit kompromiss og gitt fornamn som er vanlige i begge landa? Har finske namn vorti integrert i det norske ortografiske systemet, eller har dei haldi på ortografiske særtrekk frå finsk? Og kva for fornamn gir norsk-finske foreldre til barn fødd i Noreg? Slike spørsmål vil vi prøve å gi svar på i dette prosjektet. Et sentralt mål med prosjektet er å undersøke kva for utslag fornorskingspolitikken fekk for namnesystemet til den finske minoriteten. Frå 1860 til 1940 var det nemlig eit fornorskingspress overfor denne minoriteten (Karikoski 1996 s. 86).

Det viktigaste formålet med prosjektet, som har fått økonomisk støtte frå Nordplus Språk, er å analysere namnesystemet – og endringar i det over tid – for personar med finsk etnisitet fødd i Noreg. Materialet vårt dekkjer 1800-talet (folketeljingane av 1865 og 1900) og går fram til 2006 (folkeregistermateriale frå Statistisk sentralbyrå i perioden 1900–2006). I undersøkinga vår har vi også hatt stor nytte av namnematerialet frå Befolkningssentralen i Finland (www.vaestorekisterikeskus.fi). Dessutan har vi brukt finske og norske fornams- og etternamnsbøker, t.d. Kiviniemi 2006, Mikkonen & Paikkala 2000, Kruken & Stemshaug 1995 og Veka 2000.


I denne artikkelen konsentrerer vi oss om namna i folketeljinga av 1900. Resultata som vi presenterer her, viser dermed namnesystemet blant dei med finsk etnisitet fødd i Noreg på 1800-talet. Dei fleste av desse er fødd i siste halvdel av 1800-talet.

Finsk busetnad i Noreg

Dei fyrste finnane som innvandra til Noreg, var dei såkalla skogfinnane. Dei kom frå den tidligare storkommunen Rautalampi i det austlige Finland og slo seg på 1600-talet ned i dei svenske og norske Finnskogane (ca. 12 mil nordaust for Oslo). I dag er skogfinnane assimilert i den norske og svenske befolkninga, og dei som bur på norsk side av grensa, talar norsk.

Dei finske innvandrane til Nord-Noreg (fylka Finnmark og Troms) kom noko seinare, dvs. på 1700- og 1800-talet. Dei fleste av desse kom frå Nord-Finland (finsk Lappland, Tornedalen, Nord-Österbotten) og dessutan frå den svenske Tornedalen. Nokre av finnane flytta også til det nordvestlige Russland. Innvandringsrutene til finnane er vist på kartet.

Kart over innvandringsrutene til finnane (Niemi 2003 s. 131)



Finnane som har budd i Nord-Noreg i fleire generasjonar, er tradisjonelt kalla kvenar. I skriftlege kjelder høyrer vi om kvenane alt på 1500-talet. Språket deira, *kvensk* (på kvensk *kainun kieli*), fekk i 2005 status som offisielt minoritetsspråk i Noreg. På grunnlag av folketeljinga av 1900 har vi rekna ut at fordelinga mellom etnisitetar i Finnmark og Troms var slik i år 1900: 75 % nordmenn, 16 % samar, 7 % finnar/kvenar og resten (2 %) blanda eller annan etnisitet, t.d. russisk. For ordens skyld vil vi leggja til at det i "75 % nordmenn" inngår personar med umarkert etnisitet (til saman 65 %). I folketeljingane står umarkert etnisitet for nordmenn.

Etter den andre verdskrigen har Noreg fått fleire innvandrare frå Finland, særlig i 1960- og 1970-åra. Dei fleste har arbeidd i fiskeindustrien i Nord-Noreg, mens nokre har fått arbeid i dei store byane i Sør-Noreg. Mange av dei innvandra finnane har funni seg ein norsk ekte-make. I 2005 var det til saman 6 776 personar registrert i Noreg som var fødd i Finland.

Materialet – folketeljinga av 1900

I denne artikkelen konsentrerer vi oss om namna i folketeljinga av 1900. Dei fleste innvandra finnane slo seg ned i Nord-Noreg (fylka Finnmark og Troms), og i 1900 budde det til saman 5 754 personar registrert med finsk etnisitet i desse fylka. (Personar med blanda etnisitet, t.d. finsk og norsk, inngår altså ikkje i desse tala.)¹ Av desse 5 754 var 3 840, dvs. 66,7 %, fødd i Noreg. Dette materialet på 3 840 personar (1 951 menn og 1 889 kvinner) vil vi heretter omtala som *kvenmaterialet*. Dei fleste av desse, 2 865, dvs. 75 %, var fødd etter 1870. Dei resultatane vi kjem til å presentere i denne artikkelen, viser altså primært korleis namnesystemet var blant dei kvenane som var fødd mot slutten av 1800-talet.

I år 1900 talte 62 % av kvenane i vårt materiale finsk, 25 % norsk og 6 % både finsk og norsk. Dessutan var det 6 % som talte både finsk og samisk. I tillegg kjem det ei restgruppe på 1 % som hadde ein annan språkkombinasjon, t.d. finsk, norsk og samisk. Blant historikarar har det vori ein del diskusjon om i kva grad ein kan stole på opplysningane som er gitt i kolonnane for etnisitet og språk i folketeljingane. (Sjå t.d. Torp 1986 og Hansen 1994.) I denne samanhengen vil vi nemne at vi i materialet har registrert nokre få personar med finske etternamn oppført med norsk etnisitet, t.d. Hilma Beldaniemi, f. 1880 i Vadsø. Ein kunne kanskje ha venta at desse personane hadde vori markert med finsk etnisitet. Når dei ikkje er det, kan det enten komma av feil ved registreringa, eller at den aktuelle personen faktisk hadde oppgitt norsk etnisitet.

Den andre hovudgruppa av finske innvandraran slo seg ned i Finnskogane ved grensa til Sverige. Desse innvandraran kom tidligare til Noreg enn dei som innvandra til Finnmark og Tromsø. I folketeljinga av 1900 har vi registrert til saman 412 personar som er oppført med finsk etnisitet i Grue kommune.² (I nabokommunane var det ingen som var oppført med finsk etnisitet.) Av desse 412 skogfinnane var det berre 1 % som var finskspråklige. Resten talte norsk. Dette viser at skogfinnane nesten var heilt fornorska i år 1900 – i motsetning til kvenane som kunne mønstre 62 % finskspråklige.

Både fordi det er stor geografisk avstand mellom desse to innvandrargruppene, og fordi finskkompetansen var svært ulik i dei to gruppene, vil vi i det følgjande analysere namna i desse to gruppene separat. Vi vil fyrst ta for oss *Grue-materialet*, deretter *kvenmaterialet*. Ettersom det er bevart mange fleire finske trekk i det kvenske namnematerialet enn i Grue-materialet, vil det aller meste av denne artikkelen dreie seg om ulike aspekt ved kvenmaterialet.

¹ Av metodiske grunnar har vi ikkje tatt med ein "usikker kategori", dvs. personar som i den originale folketeljinga er oppført med finsk etnisitet etter at ei anna etnisitetsmarkering, t.d. norsk, er strøken. Til saman dreier dette seg om 1 794 personar.

² Kjeldstadli (2003 s. 400) oppgir eit litt høgare tal, 429 personar.

Namn i Grue-materialet

I 1900 hadde 68 % av skogfinnane i Grue eit patronym på *-sen* eller *-datter*, t.d. *Pedersen* eller *Pedersdatter*. (Nokre av namna på *-sen* kunne også vera faste etternamn, dvs. arva etter faren.) 31 % av dei hadde eit norsk etternamn av ein annan type, t.d. *Bruvold*, *Haarstad*, *Rotneberg*, *Rævholtet*. Det er interessant å merke seg at det berre fins eitt etternamn i dette materialet som er finsk-relatert, *Purustorpet*, som går tilbake til det finske etternamnet *Purainen* (Eskeland 1994 s. 253). På 1600-talet var det vanlig i det austlige Finland (Savolax og Karelen) – i motsetning til det vestlige Finland – at folk hadde arvelige etternamn, oftast med endinga *-nen* (Paikkala 2004 s. 110). Derfor hadde også mange finnar som flytte til Sør-Noreg frå den tidligare storkommunen Rautalampi, etternamn av denne typen. Men på 1800-talet heldt dei finske etternamna på å gå ut av bruk, og dette framgår både av brevmateriale og andre kjelder frå 1800-talet (Furuberg 1995 s. 135).

I tab. 1 har vi presentert dei fornamna som vart borne av minst 5 personar – 10 kvinnenamn og 11 mannsnamn. (For personar med fleire enn eitt fornamn er berre det fyrste fornamnet inkludert i statistikken.) Mange av namna i tab. 1 var også frekvente på landsbasis i folketeljinga av 1900. Såleis finn vi desse namna frå tab. 1 blant dei 20 mest frekvente i heile landet: *Karen*, *Anne*, *Anna*, *Kari*, *Maren*, *Hanna* – *Ole*, *Peder*, *Johannes*, *Martin*, *Anders*. (Vi bygger her på ei frekvensliste for heile Noreg som vi sjølv har utarbeidd på grunnlag av 1900-teljinga.)

Tab. 1 Dei vanligaste fornamna blant skogfinnane i folketeljinga av 1900

Kvinnenamn		Mannsnamn	
1. Karen	24	1. Ole	43
2. Anne	17	2. Peder	23
3. Anna	14	3. Henrik	18
4. Kari	8	4. Johannes	16
5. Eli	7	5. Daniel	11
5. Maren	7	6. Martin	10
5. Martea	7	7. Albert	7
8. Berta	6	7. Ments	7
8. Hanna	6	9. Anders	6
10. Pauline	5	10. Emil	5
		10. Vilhelm	5

Blant dei namna som skil seg ut med eit vesentlig anna rangnummer i Grue-materialet, vil vi fyrst nemne *Henrik* (nr. 3 – mot nr. 34 i heile Noreg). Her er det rimelig å anta at det er Finlands nasjonalhelgen, biskop Henrik (død 1160) som ligg bak populariteten for *Henrik* i Grue. Også *Ments* og *Martea* (rangnummer 7 og 5) skil seg markant ut frå den landsomfattande lista (nr. 441 for *Ments/Mentz* og nr. 190 for *Mart(h)ea*), men her kan det ikkje vera tale om finsk påverknad, men snarare om lokale namnesærtrekk, for også elles i det sørlige Hedmark er desse namna mye meir brukt enn elles i landet, bl.a. i Eidskog, Vinger, Brandval, Hof, Våler og Odalen.

Dei fornamna som skogfinnane bar i 1900, var altså i det store og heile namn som var vanlige også elles i Noreg på denne tida. Det er interessant å merke seg at det ikkje fans typiske finske namneformer eller klart finskspråklige namn i Grue-materialet. På den andre sida er det klart at mange skogfinnar brukte vanlige finske namneformer i dagliglivet sjølv om dei var oppført med korresponderande norske namneformer i offentlige register, t.d. *Antti* for *Anders*, *Heikki* for *Henrik* og *Lauri* for *Lars*. Det er også viktig å vera klar over at spesielt finske namn, dvs. finskspråklige namn, ikkje vart populære i Finland før på 1800-talet (Kiviniemi 2006 s. 271f.; Saarelma 2006 s. 68f.). Skogfinnane kom jo til Noreg alt på 1600-talet.

Blant skogfinnane i Grue-materialet har vi registrert at det var 9 % som hadde to eller fleire fornamn. Dette er i tråd med det vi finn i andre kommunar på det indre Austlandet i 1900-teljninga. I Rendalen og Fåberg var det såleis 11 % som var oppført med minst to fornamn i denne teljninga (Alhaug 1985 s. 55). Blant kvenane derimot var det fleire som hadde to eller fleire fornamn: 1 076 av 3 840, dvs. 28 %. I Finland låg denne prosenten enda høgare rundt år 1900 – jf. fig. 17 og 18 i Kiviniemi (2006 s. 74) som viser at omtrent totredjedelar (litt fleire kvinner enn menn) hadde to eller fleire fornamn på denne tida. Den låge prosenten for denne namnetypen blant skogfinnane (kontrastert mot kvenane) kan enten skyldas at dei hadde haldi fast på eittnamn-systemet frå Finland da dei utvandra på 1600-talet, eller at dei var påverka av eittnamn-systemet, som var det dominerande på det indre Austlandet på 1800-talet.

Etternamn i kvenmaterialet

Når ein analyserer etternamna i kvenmaterialet, bør ein vera klar over at namnesystemet var under omlegging utover på 1800-talet både i Noreg og Finland – frå patronymsystemet til systemet med faste etternamn. I Finland begynte det moderne etternamnssystemet å spreie seg frå midten av 1800-talet, og i 1921 vart dette systemet gjennomført ved den fyrste finske etternamnsloven (Paikkala 2004 s. 21). Utviklinga i Noreg har mange felles trekk med den finske, og det moderne etternamnssystemet vart einerådande frå 1923, da Noreg fekk sin

fyrste personnamnlov. I materialet vårt ser det ut til at litt over halvparten av kvenane hadde eit fast etternamn i 1900-teljinga. Det ville bli for tidkrevjande å undersøke for kvar enkelt person om dei hadde eit patronym eller eit fast etternamn (på grunnlag av opplysningar om namnet på faren), men vi kan få nokre haldepunkt ved å undersøke i kva grad kvinner har etternamn på *-sen* eller *-datter*. Det viser seg at 476 kvinner, dvs. 41 %, hadde eit etternamn på *-datter*, dvs. patronymtypen, mens 695 kvinner, dvs. 59 %, bar etternamn på *-sen*. Denne siste typen kan normalt oppfattas som eit fast etternamn brukt på kvinner, men på slutten av 1800-talet finn vi ein blandingstype som kan oppfattas som eit *overgangspatronym* (termen frå Sannrud 1994 s. 105). Eit døme på dette er Johanna Karlsen (f. 1900 i Tana), dotter av Karl Petersen. Denne jenta har altså ikkje arva etternamnet til faren (*Petersen*), men fornamnet hans *Karl* ligg til grunn for overgangspatronymet *Karlsen*.

Dei fleste kvenane (57 %) hadde i 1900 eit etternamn på *-sen* eller *-datter*, t.d. *Abrahamsen* eller *Larsdatter*. Typen *Larsdatter* er altså eit sikkert patronym, mens *Abrahamsen* enten kan tolkas som patronym eller fast etternamn på *-sen*. 33 % hadde eit finskspråklig etternamn, t.d. *Halonen*, og 6 % eit etternamn av svensk-finsk type (*Ahlman*), eller eit etternamn som er brukt både i Sverige, Noreg og Finland, t.d. *Berg*. Berre 1 % av kvenane hadde eit etternamn med eintydig norsk preg, t.d. *Kramvik*, mens 3 % hadde eit etternamn av ein annan type, t.d. russisk (*Barski*). For nokre svært få etternamn har det vori problematisk å fastslå språklig bakgrunn.

Ein kombinasjon av fleire etternamn, t.d. *Kristine Isaksdatter Anunti*, førekom sjeldan: 98 av 3 840 personar, dvs. 2,5 %. I slike tilfelle var gjerne det fyrste namnet eit patronym av norsk type (*Isaksdatter*) og det andre etternamnet (*Anunti*) av finsk type. Slike etternamns-konstellasjonar kan oppfattas som eit kompromiss mellom det norske og finske namnesystemet.

Ovafor har vi oppgitt presentar for *personar* med finske namn, norske namn osv. Nokre av desse namna er frekvente, t.d. *Isaksen* (113 personar), nokre er sjeldne, t.d. *Huhtaniska* (2 personar). Ein annan måte å vise innslaget av finske namn, norske namn osv. er å rekne ut frekvensen for *ulike namneformer*, og da vil *Isaksen* og *Huhtaniska* slå likt ut. Det viser seg at det er 791 ulike namneformer i materialet (inklusive variantar som *Halonen* og *Hallonen*). Av desse 791 namneformene er så mange som 467, dvs. 59 %, finsk-relaterte på ein eller annan måte. Det er dei klart finske namna, t.d. *Halonen* eller *Peltoniemi*, som utgjer den største gruppa av desse finsk-relaterte namneformene – med 79 %. Dette er ofte namn som er typiske for Nord-Finland eller det nordlige Österbotten, altså for dei områda der kvenane har røtene sine. Typiske etternamn for Nord-Finland er t.d. *Jumisko* og *Luusua* (Mikkonen & Paikkala 2000). Den nest største gruppa av dei finsk-relaterte namna høyrer til den svensk-finske typen, t.d. *Ahlman* eller *Bryggare* (14 %), mens namn som er i bruk både i Finland, Sverige og Noreg, t.d. *Berg* og *Dahl*, utgjer 4 % av dei finsk-relaterte namna.

Ortografiske og lydige endringar i etternamna til kvenane

Som vi har vist ovafor, hadde ein tredjedel av kvenane (fødd i Noreg og busett i Finnmark og Troms) eit finsk etternamn i 1900. Ein kan av gode grunnar seia at i det norske kulturmiljøet symboliserte desse namna den finske eller kvenske identiteten til kvenfamiliane. På den andre sida har det norske språket påverka både ortografi og uttale av dei finske namna. I vårt materiale har såleis det finske etternamnet *Törmänen* fått forma *Dørmænen*, og *Uusimaa* har vorti til *Osima*. I Noreg blir *Kaikkonen* uttalt /gaik:unen/ og *Lehto* som /let:u/ (Karikoski 1996 s. 92). Endringane skyldas oftast at norske styresmakter ikkje kunne finsk, og derfor skreiv dei opp finske namn slik dei hørte dei (Karikoski 1996 s. 85). Det er også vanlig at same namn kan ha ulike former i ulike dokument (Karikoski 2001 s. 156). I materialet vårt er det *Mäkelä* som har fått flest variantar: *Mægælæ*, *Mægelæ*, *Mæggelæ* og *Mæggela*.

I heile kvenmaterialet fins det berre 307 personar som har uendra finske etternamn, t.d. *Kallinen*, *Niemi* og *Pauna*. Desse personane utgjør 25 % av alle kvenar med eit klart finsk etternamn. For dei resterande 75 % av kvenane med klart finske namn har altså namnet vorti endra på ein eller annan måte, t.d. *Halonen* til *Hallonen*. Fordi lydssystemet er ulikt i finsk og norsk, er det naturleg at namna på kvenane fekk ei anna form i Noreg enn i Finland. I utgangspunktet kan ein skilje mellom to typar av endringar:

A. Reint ortografiske endringar, t.d. *Uusimaa* > *Osima*³

B. Lydige endringar, t.d. *Kantola* > *Gandola*

I det følgjande vil vi gi døme på dei mest vanlige endringane i finske etternamn i Noreg. Dei fleste vil gjelde lydige endringar (type B ovafor).

Konsonantar

Dei finske klusilane *p*, *t* og *k*, som er uaspirerte, har ofte vorti erstatta av *b*, *d* og *g*:

Kantola > *Gandola*

Korpi > *Korbi*

Pelkonen > *Belgonen*

Rautio > *Raudio*

³ Norsk og finsk uttale er her tilnærma lik.

Det fins også variasjon mellom kort og lang konsonant (i skrift gjengitt med enkel og dobbel konsonant). I nokre tilfelle er kort konsonant gjengitt med dobbel konsonant, i andre tilfelle er lang konsonant markert med enkel konsonant:

K > KK

Eskola > *Eskolla*

Halonen > *Hallonen*

Palo > *Ballo*

Ritola > *Riddola*

KK > K

Hoikka > *Hoika*

Kurtti > *Kurti*

Sirkka > *Sirka*

Når det gjeld konsonantgrupper, skil ein i det norske lydsystemet ikkje mellom lang og kort konsonant i den siste av to konsonantar, og det er derfor naturleg at t.d. *Sirkka* blir gjengitt med *Sirka*. Eit interessant fenomen er variasjonen mellom *ht* og *th*:

Lehtikangas > *Lethigangas*

Lehto > *Letho*

Lehtola > *Lethåla*

I det norske lydsystemet kan *h* berre førekomma i framlyd – enten i simpleksord, t.d. *hol*, eller i framlyd i eit samansettingsledd eller i eit suffiks, t.d. *grav-haug* eller *øvrig-heit*.⁴ Når grafotagmet <ht> i finsk blir til <th> i norsk, skyldas dette trulig at bokstavkombinasjonen <th> er svært vanlig i personnamn i Noreg, t.d. *Thor*, *Thomas*, *Arthur*, *Therese*, *Esther*, *Thoresen* og *Thomassen*. I kombinasjonen <th> er altså <h> "stum", dvs. ikkje uttalt.

Vokalar

Dei finske bokstavane *ä* og *ö* svarar til *æ* og *ø* i det norske skriftsystemet. Derfor har t.d. namna *Heinäjärvi* og *Köngäs* vorti til *Heinæjærvi* og *Køngæs* i vårt materiale. I nokre tilfelle har den finske bokstaven *e* vorti erstatta av *æ*, t.d. *Pelto* > *Bældo*.

Bokstavteiknet *å* fins ikkje i det finske skriftsystemet, og det er bokstaven *o* som gjengir den norske "å-lyden". I nokre tilfelle er denne lyden gjengitt med det dansk-norske *aa* (*Aro* >

⁴ Vi ser her bort frå fremmendord som *alkohol*.

Araa), i andre tilfelle med *å* (*Aho* > *Ahå*). Det var fyrst ved rettskrivingsreforma i 1917 at *aa* allment vart erstatta av *å*, men også ved tidligare reformer hadde det vorti opna for bruk av *å* i staden for *aa*.

Ettersom den finske bokstaven *u* svarar til den norske "o-lyden" (i IPA-systemet [u]), er det naturleg at t.d. *Harju* har vorti til *Harjo* og *Juntunen* til *Jondonen*. I nokre tilfelle er det finske *y* gjengitt med *u*, t.d. *Hyry* > *Huru*.

I det finske ortografiske systemet blir lang vokal markert med dobbelskriving, t.d. *Haataja*. Ettersom norsk ikkje har denne ortografiske konvensjonen for markering av lang vokal, blir slike namn skrivne med enkel vokal: *Haataja* > *Hadaja*. Andre døme på dette: *Luusua* > *Losoa* og *Niskavaara* > *Niskavara*.

Finske diftongar som er fremmede for norsk, t.d. *uo* og *öy*, er problematiske å gjengi. Døme på dette i materialet er *Juopperi* > *Juaaperi* og *Töyrä* > *Døuræ*.

Språk og etternamnstype blant kvenane

Folketeljinga har også opplysningar om kva for språk dei ulike etnisitetane talte. Slike opplysningar er naturleg nok ikkje gitt for alle personar i folketeljinga av 1900, men primært i område med blanda etnisitet, t.d. Finnmark og Troms. I tab. 2 har vi tatt med dei kvenane som enten er ført opp med finsk eller norsk språk. (Vi har altså ikkje inkludert "blandings-typar", dvs. kvenar som er registrert med kompetanse i fleire språk.) Totalt blir dette 3 332 kvenar, dvs. noko under det samla talet på kvenar i materialet (3 840).

Tab. 2 viser, som ein kunne vente, at andelen av finske etternamn er mye større blant dei finskspråklige kvenane (40 %) enn blant dei norskspråklige (14 %). Det er altså ein klar samanheng mellom å vera finskspråklig og å ha eit finsk etternamn.⁵ Og omvendt er det naturleg at eit norsk etternamn (*Kramvik*) er meir vanlig blant norskspråklige kvenar (23 personar) enn blant finskspråklige (3 personar), men her er talgrunnlaget lite, og ein må derfor leggja mindre vekt på dette resultatet.

⁵ I denne artikkelen vil vi ikkje gå nærmare inn på kjønnsdimensjonen, men berre nemne at dei finske etternamna er noko meir brukt av menn enn av kvinner. Av 1 218 kvenar med eit finsk namn er det 675 menn (55 %) og 543 kvinner (45 %). (I dette materialet inngår det også kvenar som meistrar fleire språk, ikkje berre finsk eller norsk som i tab. 2.) Det er mulig at denne kjønnsforskjellen kjem av at kvenske kvinner – i større grad en kvenske menn – har gått over til eit norsktypologisk etternamn når dei har fått seg ein norsk ektemake. Ei slik undersøking føresett at vi går inn i eit detaljstudium av alle ekteskapa (norsk-finske og finsk-finske), men dette har vi ikkje kunna gjøra innafor ramma av denne artikkelen.

Tab. 2 Språk og etternamnstype blant kvenane (folketeljinga 1900)

Namnetype	Finskspråklige		Norskspråklige	
		kvenar %		kvenar %
Etternamn på <i>-sen</i>	916	39	562	58
Etternamn på <i>-datter</i>	294	12	123	13
Finske namn (<i>Halonen</i>)	945	40	135	14
Svenske namn (<i>Tiberg</i>)	9	0	15	2
Norske namn (<i>Sletnæs</i>)	3	0	23	2
Namn brukt i Finland og Sverige (<i>Ahlman</i>)	90	4	37	4
Namn brukt i Finland, Sverige og Noreg (<i>Berg</i>)	17	1	0	0
Andre konstallasjonar ⁶	35	1	32	3
Restgruppe (samisk, russisk eller tysk)	14	1	10	1
Problematisk klassifisering	44	2	28	3
Tot.	2367	100	965	100

Når det gjeld etternamna på *-sen*, er det stor forskjell mellom dei norskspråklige og finskspråklige kvenane (58 % mot 39 %). Det er eit steg i fornorskingsprosessen å gå over frå finsk til norsk språk, og tilsvarande er det eit uttrykk for fornorsking, nærmare bestemt tilpassing til det norske namnesystemet, når dei norskspråklige kvenane i mye større grad enn dei finskspråklige har gått over til etternamn på *-sen*.

Det er ikkje overraskande at kvenane har tatt i bruk etternamn på *-sen* og *-datter* i staden for det reint "norske" alternativet: etternamn som *Sletnæs* og *Kramvik*. Ved å bruke etternamna på *-sen* og *-datter* følgde dei ein namneskikk som var vanlig i Finland, dvs. patronymiskikken. Ein som var son av Heikki (finsk form av *Henrik*), kunne da få patronymet *Heikinpoika*. I nokre samanhengar kunne også den svenske ekvivalenten, dvs. *Henriksson*, bli brukt i Finland, og frå *Henriksson* til *Henriksen* var ikkje steget langt på norsk grunn.

Bruken av finske etternamn – lokal variasjon

Førekimsten av finske etternamn kan brukas til å "måle finskheita" i ulike kommunar. I tab. 3 har vi samanlikna førekimsten av finske etternamn i nokre utvalde kommunar. I denne tabellen har vi begynt lengst i nord (Vadsø) og gått sørover til Grue i Sør-Noreg. Dei oppgitte tala (med unntak av Grue) gjeld dei som er *fødd* i kommunen (ikkje dei som budde der ved registreringstidspunktet i 1900).

⁶ Dette gjeld namn som er brukt i andre "landskonstallasjonar", t.d. *Brandt* i Sverige og Tyskland.

Tab. 3 Bruken av finske etternamn i nokre utvalde kommunar (folketeljinga 1900)

	Personar med finsk etternamn	Tot. med finsk etnis.	% finske namn
Vadsø	456	630	72
Sør-Varanger	253	497	51
Nordreisa	9	118	8
Lyngen	20	267	7
Grue	1	412	0

Det er lett å forklare kvifor det nesten ikkje fins finske etternamn i Grue i Sør-Noreg. Dei utvandra finnane slo seg ned der alt på 1600-talet, dvs. på eit tidspunkt da det var mindre vanlig å ha etternamn i Noreg. Når det på eit seinare tidspunkt vart aktuelt å bli oppført med etternamn i offentlige register, fekk dei tildelt norske etternam, gjerne i samsvar med den norske patronymskikken, sjølv om dei i ein del tilfelle hadde haldi på sine tradisjonelle austfinske etternamn.

Som tab. 3 viser, hadde Vadsø den suverent største førekomsten av finske etternamn – med 72 %. Vadsø var på 1860-talet kalla "kvenenes hovedstad i Norge" (Niemi 2003 s.138), og i 1875 var nærmare 60 % av befolkninga i Vadsø kvenar. Til liks med Vadsø ligg Sør-Varanger i Aust-Finnmark, og i denne kommunen, som grensar til Russland, hadde omtrent halvparten av kvenane eit finsk etternamn.

Kvifor var finske etternamn mykje sjeldnare i Nord-Troms, dvs. blant kvenane i Lyngen (7 %) og Nordreisa (8 %)? Det kan vera fleire grunnar til dette. Det har trulig vori noko mindre samkvem mellom finnar og kvenar i Nord-Troms enn i Aust-Finnmark – jf. at det budde finnar rett over på andre sida av grensa i Sør-Varanger (mot Russland), mens det var aude fjellstrekningar mellom Lyngen/Nordreisa og Finland. Ein annan grunn kan vera at fornorskingspresset på kvenane har variert lokalt, og at dette presset har vori sterkare i Nord-Troms enn i Aust-Finnmark, t.d. når kvenane skulle kjøpe jord av den norske staten. I denne samanhengen kunne det bli sett fram krav om endring til norsk etternamn. Vi kan her sitere dette frå NOU 2001 s. 57:

Kvener (finske innvandrere i Nord-Norge) og samer har hatt tradisjon med slektsnavn på egne språk i mange hundre år. Fra slutten av 1800-tallet har mange tatt i bruk norskspråklige slektsnavn. Påtvunget navneskifte som følge av offentlig lovgiving eller andre påbud har i liten grad latt seg dokumentere. Flere vitnemål tyder på at situasjonen likevel har vært opplevd slik. Folk har sannsynligvis helst skiftet navn pga. sosialt press og for å oppnå bedre behandling hos myndighetene, særlig fra midten av 1800-tallet. Norske navneformer er også ført inn i kirkebøkene dels av kirkelig sedvane, og kanskje uten

bærernes kunnskap. Det kunne være skrivemåter tilpasset norsk uttale, oversettelser, norske plassnavn eller sen-navn med grunnlag i fedrenes navn.

Norske etternamn av gardsnamntypen i kvenmaterialet

Noreg ligg trulig på toppen i Europa når det gjeld etternamn som går tilbake til eit stadnamn (vanligvis eit gardsnamn). Ein reknar med at over 50 % av nordmennene har eit etternamn av denne typen (Helleland 1993 s. 61), og om ein legg til grunn ulike etternamn for utrekninga, utgjør gardsnamntypen i dag heile 70 % (Veka 2000 s. 17). Under omlegginga frå patronym-systemet til faste etternamn på 1800-talet var det vanlig for norske bønder å ta i bruk gardsnamnet som etternamn. I kva grad har så kvenane tatt i bruk etternamn av gardsnamntypen? Her ser vi bort frå namn som er brukt både i Finland, Noreg og Sverige, t.d. *Berg*. Det som da står att, er namn som peiker seg ut som klart norske, t.d. *Fjeldstad* og *Kramvik*. Vi finn berre 31 kvenar (av 3 840) med slike namn, dvs. 0,8 %, og 20 av dei 31 er kvinner. Ei nærmare undersøking av desse kvenkvinnene viser at dei aller fleste er gift med ein norsk mann, og at dei har tatt etternamnet til ektemannen, t.d. Anna Sletnæs, fødd i 1875. Når vi ser bort frå desse kvenkvinnene som tok etternamnet til mannen da dei gifta seg, står vi att med svært få kvenar som har etternamn av gardsnamntypen.

Det er vanskelig å seia kor stort fornorskingspresset har vori på 1800-talet når det gjeld endring av etternamn – frå finsk type til norsk type. Iallfall må det ha vori lokale variasjonar – jf. dei store forskjellane mellom Vadsø og Lyngen/Nordreisa. I den grad kvenane har kjent seg pressa til å endre etternamn, har det nok vori mest nærliggande å ta i bruk etternamn av patronymtypen, t.d. *Johan Henriksen*, som tilsvavar det finske *Juhani Heikinpoika*. Det har nok vori mindre attraktivt å endre til eit norsk etternamn av gardsnamntypen, t.d. *Kramvik*, bl.a. fordi kvenane ikkje kunne knyte nokon finsk identitet til slike namn, og fordi desse namna framstod som meir "norsk-nasjonale" enn etternamn på *-sen* og *-datter*.

I somme tilfelle vart det finske etternamnet omsett til norsk. Dette gjeld trulig etternamnet *Karhu* med tydinga 'bjørn'. I Noreg er *Bjørn* nesten berre brukt som fornamn – svært sjeldan som etternamn og gardsnamn, og det er derfor rimelig at *Bjørn* brukt som etternamn på kvenar er ei omsetjing av *Karhu*. Eit døme på dette er Alfred Bjørn og kona Anna Katharine Bjørn, fødd i Finland (1855 og 1864). På hurtigruta *Nordstjernen* føder forresten kona ei dotter i 1895. Ho fekk naturleg nok namnet *Nordstjerna* (og etternamnet *Bjørn*). Også Karikoski (1996 s. 105) gir døme på omsetjing av finske etternamn til norske, t.d. *Kalliainen* til *Hauge* (1935) og *Karikoski* til *Grunnfoss* (1961).

Fornamn blant kvenane

På 1800-talet hadde det finske fornamnssystemet mange fellestrekk med det svenske, men litt ut på 1800-talet begynte finnane – inspirert av nasjonalromantikken – å ta i bruk nasjonale finske namn. Disse namna er det få spor av i kvenmaterialet. Det mest brukte av dei nasjonalromantiske namna er *Hilia/Hilja* (13 jenter). Andre døme på barn med slike namn er Saima Alexandra Isaksdatter Jolma, f. 1898 i Kistrand (Finnmark), og Toivo Joaaperi, f. 1889 i Vadsø. Disse tre namna er nye finskspråklige namn som vart populære på 1800-talet. *Hilja* tyder 'stille', *Toivo* 'håp', og *Saima* kjem frå innsjønamnet *Saimaa*.

I tab. 4 har vi presentert dei 10 vanligaste kvinne- og mannsnamna blant kvenane i 1900. For dei som har fleire fornamn, er det berre det fyrste namnet som inngår i statistikken.

Tab. 4 Dei 10 vanligaste kvinne- og mannsamna blant kvenane (folketeljinga 1900)

Kvinnenamn		Mannsnamn	
1. Marie	185	1. Johan	290
2. Anna	145	2. Karl	130
3. Sofie	69	3. Hans	79
4. Ida	63	4. Isak	64
5. Emma	48	5. Henrik	47
6. Hilma	39	6. Peder	42
7. Brita	38	7. Ole	40
8. Kristine	35	7. Oskar	40
9. Hilda	34	7. Petter	40
10. Josefine	33	10. Nils	36

Når vi samanliknar mannsnamna i tab. 4 med den landsomfattande lista vi har utarbeidd for 1900-teljinga, ser vi at fleirtalet av mannsnamna frå denne tabellen også står på den landsomfattande 10-på-topp-lista: *Johan*, *Karl*, *Hans*, *Ole*, *Peder* og *Nils*. Blant dei kvenske namna som skil seg ut, vil vi særleg framheve *Henrik* (nr. 5 i tab. 4 og nr. 34 på den landsomfattande lista). Her er det nok den finske nasjonalhelgenen Henrik som ligg til grunn for populariteten for dette namnet (jf. at *Henrik* også fekk høg plassering, dvs. 3. plass, i Grue-materialet). Elles er det gammaltestamentlige *Isak* så høgt oppe som på 4. plass mot 35. plass på landsbasis. Det er mulig at dette kan settas i samband med læstadianismen, ei religiøs retning som stod sterkt blant kvenane mot slutten av 1800-talet. Når det gjeld kvinnenamna, er det særleg *Hilma* som peiker seg ut – med 6. plass mot 167. plass på landsbasis. *Hilma* var eit vanlig namn i Finland på 1800-talet, og populariteten for dette

namnet kan tilskrivas finsk påverknad. Elles vil vi i tilknytning til tab. 4 nemne at så mange som 42 % av mennene har eit av dei 10 vanligaste namna, mens prosentdelen for kvinnene er litt lågare (37 %).

Om ein vil ha fram trekk som er *typiske* ved fornamna blant kvenane, kan ein også kontrastere desse namna mot eit materiale der berre nordmenn inngår. Ettersom kvenmaterialet omfattar 3 840 personar, har vi valt å samanlikne dette materialet med eit like stort materiale frå 1900-teljinga, eit tilfeldig utval på 3 840 personar frå Trondenes kommune i Sør-Troms. Det viser seg da at desse kvinnenamna er ein del brukt blant kvenane, mens ingen har dei i Trondenes: *Grete/Grethe* (54), *Brita/Britha* (53), *Eva* (31), *Kaisa/Kajsa* (21), *Hilia/Hilja* (13). Dette siste namnet, som i Finland bli skrivi *Hilja*, er blant dei nasjonalromantiske namna som vart populære i Finland på 1800-talet, men berre nokre få av desse namna vart tatt i bruk av kvenane på 1800-talet. Av spesiell interesse er *Kaisa/Kajsa* med diftongen *ai*. Denne diftongen, som er vanlig i finsk, var lite brukt i norsk på 1800-talet. Det har kanskje vori ein viss "strukturell" motstand mot denne diftongen blant etniske nordmenn (jf. også uttalen *ålreit* av det engelske *all right*). Såleis vart det engelske *Irene* (uttalt med *ai*-diftong i engelsk) fyrst gjengitt med den norske *ei* i 1920, altså *Eirin*, men noko seinare, i 1928, fekk dette namnet også den alternative stavemåten *Airin*.

Når det gjeld mannsnamna, finn vi desse namna som berre er brukt blant kvenane (ikkje i det heile i Trondenes): *Frans/Frants* (28), *Aleksander/Alexander* (16), *Arvid* (15), *Ulrik* (10). Vi har her avgrensa oss til namn som er brukt på minst 10 personar. Når *Aleksander* (og *Alexander*) har vori populære i siste halvdel av 1800-talet – både blant kvenar og finnar, skyldas nok dette tsar Aleksander II (tsar i perioden 1855-81). Han var godt likt i Finland fordi han stod bak tiltak som styrkte stillinga til det finske språket på kostnad av svensk. Han var også positiv til den finske nasjonalismen.

Den nasjonale namnebølgja i Finland, som var inspirert av finsk nasjonalromantikk frå midten av 1800-talet, har gitt minimale utslag blant kvenane, t.d. *Hilja*. Ein viktig grunn til dette er trulig at kvenane hadde lite kontakt med Finland etter at dei hadde utvandra til Noreg.

Mens vi ovafor har tatt for oss namn som var ein del brukt blant kvenane, men ikkje i Trondenes, vil vi nå undersøke det motsette: Kva for namn er ikkje brukt i det heile blant kvenane, men forholdsvis vanlige i Trondenes? Vi avgrensar oss her til kvinnenamn. Det viser seg da at det er to namnetypar som skil seg ut: Moveringar og namn som inngår i den nordiske namnerenessansen. Moveringar er kvinnenamn som er laga av mannsnamn, t.d. *Jakobine*, *Joakime*, *Nikoline* og *Simonette* (alle frå Trondenes). Slike moveringar var svært populære i Noreg på 1800-talet – særlig dei på *-ine* (Alhaug 1990). Det er elles forståelig at kvenane ikkje hadde særlig sans for norsk nasjonalromantikk og den nordiske namnerenessansen. Dei tok derfor ikkje i bruk namn som *Aslaug*, *Borghild*, *Hal(l)dis*, *Hjørdis* og *Tora*, dvs. namn som var populære i Trondenes på slutten av 1800-talet.

Avrunding

Stortinget gjorde dei avgjørande vedtaka om fornorskingspolitikken overfor kvenane i fyrste halvdel av 1850-åra (Niemi 2003 s. 33). Etersom etternamna i større grad enn fornamna framstår som symbol på finsk identitet på 1800-talet, har det særleg vori interessant å undersøke i kva grad etternamna har vorti endra i norsk retning. Ein kan her skilje mellom fleire gradar av endring av namn i kvenmaterialet frå folketeljninga av 1900:

1. Inga eller ubetydelig endring av etternamnet:
 - a. Finske namn, t.d. *Halonen* (uendra) og *Kantola* til *Gandola* (33 % av kvenane).
 - b. Svensk-finske namn, *Ahlman*, og svensk-norsk-finske namn, *Berg* (til saman 6 % av kvenane.)
2. Overgang frå finsk/svensk patronymsystem til norsk patronymsystem, t.d. *Oskari Heikinpoika* eller *Oskar Henriksson* til *Oskar Henriksen* (57 % av kvenane).
3. Omsetjing av finske etternamn til norske etternamn, t.d. *Karhu* til *Bjørn* (svært få).
4. Endring av finske etternamn til norske etternamn av gardsnamntypen, t.d. *Kramvik* (1 % av kvenane).

Eit meir inngåande studium av ulike kommunar vil trulig avdekke at fornorskingspresset, bl.a. uttrykt i namnesystemet, har variert frå stad til stad. Eit symptom på dette er bruken av finske etternamn: I Vadsø er det heile 72 % av kvenane som har eit finsk etternamn (type 1a) – mot berre 7 % i Lyngen.

Type 2 og 3 kan karakteriseras som ei forholdsvis varsam endring på den måten at kvenane framleis kan føle at dei er berarar av trekk frå sin finske bakgrunn. Dei kan t.d. la fornamnet til den finske faren, t.d. *Iisak/Iisakki*, inngå i patronymet *Isaksdatter* eller *Isaksen*. Derimot framstår endringstype 4 som meir drastisk – i norsk, nasjonal retning. Her er det altså tatt i bruk ein namnetype som vart populær blant nasjonalmedvetne nordmenn mot slutten av 1800-talet, dvs. etternamn av gardsnamntypen. På denne bakgrunnen er det forståelig at denne namntypen framstod som lite attraktiv for kvenane – jf. at berre 1 % av dei hadde eit etternamn av type 4.

Vi vil understreke at vi i denne artikkelen har lagt vekt på namnebruken slik den kjem fram i folketeljninga av 1900, men i offentlige register får vi ikkje veta noko om kva for namn kvenane brukte i dagliglivet. Det var t.d. vanlig å bruke forskjellige typar av tilnamn i kvardagen, og desse namna kunne vise til t.d.:

- Eldre slektningar (*Siirin Pekka* = Peder barnebarn av Siri)

- Ektefellen (*Markuksen Hilda* = Hilda gift med Markus)
- Heimstaden (*Muonion Leevi* = Levi frå Muonio)
- Yrke (*Makkara-Hannu* = Pølse-Hans)
- Eigenskapar (*Ontuva-Jouni* = Halte-Jon)

Bente Imerslund (2008) har samla mange slike tilnamn frå Nordreisa. Som Imerslund nemner, kjente ikkje kvenane i Nordreisa alltid til det offisielle "norske" namnet på dei kvenske sambygdingane sine.

Litteratur

- Alhaug, Gulbrand, 1985: Noen skilnader i namnemønsteret mellom Nord-Noreg og Indre Austlandet. I: Sigurd Fries & †Roland Otterbjörk (red.): Regional och social variation i nordiskt personnamnsskick. Handlingar från NORNA:s tionde symposium i Umeå 3–5 maj 1983. NORNA-förlaget. Uppsala s. 42–55.
- Alhaug, Gulbrand, 1990: Women's names in *-ine* – a great fashion in Norway in the 19th century. I: Eva Maria Närhi (red.): Proceedings of the XVIIth International Congress of Onomastic Sciences. Helsinki 13–18 August 1990. Helsinki s. 137–144.
- Eskeland, Tuula, 1994: Fra Diggasborra til Diggasbekken: finske stednavn på de norske finnskogene. Universitetet i Oslo. Oslo.
- Furuberg, Pål, 1995: Finske personnavn fra norsk finnskog 1821–1875. I: Kristoffer Kruken (red.): Slektsnamn i Norden. Rapport frå NORNA's tjuetjue første symposium i Oslo 17.–29. september 1992. NORNA-förlaget. Uppsala s. 129–139.
- Hansen, Lars Ivar, 1994: Samene i forrige århundres folketellinger – Registreringspraksis i Astafjord prestegjeld 1865–1900. I: Festskrift til Ørnulv Vorren. Tromsø museums skrifter XXV. Tromsø s. 102-129.
- Helleland, Botolv, 1993: Ortsnamen als Ursprung von Familiennamen. I: Dieter Kremer (red.): Zusammenfassungen. 18. Internationaler Kongress für Namenforschung. Universität Trier 12.–17. April 1993. Trier s. 61.
- Imerslund, Bente, 2008: Kvenske personnavn i Nordreisa. Nordreisa kommune. Tromsø.
- Karikoski, Elin Vanja, 1996: Finske slektsnavn i Sør-Varanger. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 14 s. 83–108.
- Karikoski, Elin Vanja, 2001: Ruijafinske slektsnavn i endring. I: Gunilla Harling-Kranck (red.): Namn i en föränderlig värld. Rapport från den tolfte nordiska namnforskarkongressen, Tavastehus 13–17 juni 1998. *Studier i nordisk filologi* 78. Svenska Litteratursällskapet i Finland. Ekenäs s. 154–164.

- Kiviniemi, Eero, 2006: Suomalaisten etunimet. Suomalaisen Kirjallisuuden Seuran toimituksia 1103. Suomalaisen Kirjallisuuden Seura. Helsinki.
- Kruken, Kristoffer & Stemshaug, Ola, 1995: Norsk personnamnleksikon. Det Norske Samlaget. Oslo.
- Mikkonen, Pirjo & Paikkala, Sirkka, 2000: Sukunimet. Otava. Helsinki.
- Kjeldstadli, Knut, 2003: Del III. 1901–1940. I: Einar Niemi, Jan Eivind Myhre og Knut Kjeldstadli (red.): Norsk innvandringshistorie. Bind 2: I nasjonalstatens tid 1814–1940. Pax Forlag A/S. Oslo s. 317–478.
- Niemi, Einar, 2003: Del I. 1814–1860. I: Einar Niemi, Jan Eivind Myhre og Knut Kjeldstadli (red.): Norsk innvandringshistorie. Bind 2: I nasjonalstatens tid 1814–1940. Pax Forlag A/S. Oslo s. 11–174.
- NOU 2001 = Norges offentlige utredninger 2001:1. Lov om personnavn. Tradisjon, liberalisering og forenkling. Utredning fra en arbeidsgruppe oppnevnt av Justis- og politidepartementet ved brev 22. april 1999. Avgitt 20. desember 2000. Statens forvaltningstjeneste. Informasjonsforvaltning. Oslo.
- Paikkala, Sirkka, 2004: Se tavallinen Virtanen. Suomalaisen sukunimikäytännön modernisointuminen. Suomalaisen Kirjallisuuden Seuran toimituksia 959. Suomalaisen Kirjallisuuden Seura. Helsinki.
- Saarelma, Minna, 2006: Nimipäiväjuhlat. Kirjapaja. Helsinki.
- Sannrud, Astrid Weel 1994: Patronymer i overgangsform. Kompositumpatronymer som verken er primærpatronymer eller sekundærpatronymer i Fredrikstad i 1865. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 12 s. 103–114.
- Torp, Eivind, 1986: Registrering av etnisitet i folketellinger. I: *Heimen* 2 s. 67–77.
- Veka, Olav, 2000: Norsk etternamnleksikon. Det Norske Samlaget. Oslo.

Internett-kjelde

www.vaestorekisterikeskus.fi

Summary

***Eeva Törmänen* or *Eva Dørmænen*? The encounter between the Finnish and the Norwegian anthroponymic system in Norway**

By Gulbrand Alhaug and Minna Saarelma

This article presents an analysis of the personal names of the Finnish population in Norway in 1900. The data for this study was collected from the population census of the year 1900, and it includes names of people who were born in Norway and registered with Finnish ethnicity. This data was divided into two sub-data: the *Grue data* includes the names of 412 Finns from the Finnish Woods (Finnskogene) in Southern Norway, and the *Kven data* the names of 3 840 Finns (Kvens) from Northern Norway (the counties Finnmark and Troms). The Finnish Woods were populated by Finns in the 17th century, whereas the Kven population arrived in Northern Norway in the 18th and 19th century.

With regard to personal naming, these two groups differ clearly from each other. These differences reflect the fact that in 1900, the older Finnish population in the Finnish Woods was much more norwegianised than the Kven population in the North. The first names in the Grue data are all typical Norwegian names, whereas in the Kven data, one can find a few Finnish names as well (*Hilja, Saima, Toivo*). Most people in the Grue data have a patronymic with *-sen* or *-datter* (68 %), or a Norwegian surname (31 %), whereas in the Kven data, people typically have a patronymic (57 %) or a Finnish surname (33 %) registered as their surname, and only 1 % bear a surname of the typical Norwegian type (e.g. *Kramvik*).

Interestingly, there are also clear differences between different Kven municipalities. In Vadsø, for example, 72 % of the Finnish population had a Finnish surname in 1900, whereas in Lyngen, the percentage was only 7. From 1860 to 1940, there was a strong policy of Norwegianisation towards the Finnish population in Norway, and these local differences may be due to variation in the strength of the Norwegianisation pressure in different municipalities.

As the sound and orthographic systems are different in Finnish and Norwegian, this article also analyses the various ways in which Finnish surnames have been changed in Norway, e.g. *Haataja > Hadaja, Kantola > Gandola, Juntunen > Jondonen, Köngäs > Køngæs, Palo > Ballo*.